

Ny terrasse på Fjelly.

08.07.2017



Det vert ny flott terrasse på Fjelly.

Eg er storleg imponert overt dugnadsarbeidet som føregår på ungdomslagshytta Fjelly ved Mannsvatnet. Etter at dei hadde ei storslått feiring av 100-årsjubilanten 20.mai, har det gode dugnadsarbeidet halde fram. No kjem det ein ny, stor og flott terrasse langs framsida på hytta.



Bjelkane er på plass.

Materialane vart fokne opp med helikopeter etter at dugnadsgjengen hadde pakka dei klare i passande hiv. Dette var gjort slik at dei skulle vera klare til helikopeteret kom forbi på oppdrag. Slik vart det billegast mogeleg. Etter at fundamenta var støypt tidlegare, starta Oddmund Soldal og Jostein Hauso med trearbeidet i byrjinga av veka. Seinare har Janne Yri og Michael Røssland vore oppe og lagt bord på ein del av plattingen.

Terrassen vert ein flott utplass langs langsida på framsida av hytta. Totalt vert den på omlag 35 m². Dette gjer at det vert endå finare å nyta dagar og kveldar på den idylliske staden. Den vert mellom anna finansiert med gåva på 25.000 kr som hytta Fjelly fekk frå SparebankStiftinga Kvinnherad ved siste tildeling. Det er no lagt dekke på om lag halve plattingen, og dugnadsgjengen ser snart enden på eit nytt godt prosjekt.

Hytta har vore leigt ut nokre gonger til no i sommar, og det er også fleire som har bestilt framover. Hytta er til leige for alle som ønskjer ei god naturoppleving. Det kostar 400,-kr pr.døgn, og då er båt, garn og aggregat med i prisen i tillegg til overnattinga. Kontaktperson er Janne Yri, tlf. 930 33 973.



Her byrjar det å ta form.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Jostein Hauso og Janne Yri